

Vedtatt i KOM032/25

Del 2 - Plan for førebyggjande arbeid mot omsorgssvikt og åtferdsvanskar i Askvoll kommune

Askvoll kommune har eit breitt spekter av verkemiddel i det førebyggjande arbeidet gjennom etablerte tiltak og tenester. Tidleg innsats omfattar både førebyggjande og helsefremjande tenking og konkrete tiltak. Det kommunale ansvaret for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar omfattar både generell førebygging og tiltak retta mot bestemte grupper. Indikerte tiltak og behandling har fastlegar, spesialisthelsetenestene og barneverntenesta ansvar for. Inndelingar har glidande overgangar, og enkelte tiltak passar på fleire nivå.

Tiltaka er strukturert på tre nivå: Universell førebygging (grønt nivå), selektiv førebygging (gult nivå) og indikert førebygging (raudt nivå).

Universell førebygging – «Grønt nivå»

Omfattar innsats retta mot alle barn og unge og/eller deira føresette, utan at ein har identifisert individ eller grupper med høgare risiko.

Tiltak som er i gang	Skildring / aktivitet / målsetting	Ansvarleg for tiltaket
Jordmortenester, - svangerskaps- og barselomsorg	Alle gravide i Askvoll kommune og deira partnarar får tilbod om oppfølging i svangerskapet og i barseltida av jordmor på helsestasjonen. Tenesta skal bidra til å fremje helse og meistring, førebyggje smittsame sjukdommar og vurdere om det er behov for tettare oppfølging i svangerskap- og barseltid. Kartlegging av depresjonssymptom hos gravide (ca. uke 28) og barselkvinner (ca. 6 veker etter fødsel) og samtale omkring psykisk helse. I Askvoll kommune brukast kartleggingsverktøyet EDPS og tilbod om støttesamtalar på helsestasjonen. Målet er å avdekke tidlege teikn på svangerskap-/fødselsdepresjon og sårbar psykisk helsetilstand. Nasjonal faglig retningslinje for barselsomsorgen	Helse- og omsorg
Helsestasjonsprogrammet 0 – 5 år	Målet med helsestasjonsprogrammet er at foreldre opplever meistring i foreldrerolla, bidra til godt samspel mellom foreldre og barn, fremje fysisk, psykisk og sosial utvikling hos sped- og småborn, førebygge, avverje og avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt, avdekke fysiske og psykiske utviklingsavvik tidleg, og bidra til at born får oppfølging og tilvisast ved behov. Helsestasjonsprogrammet 0-5 år	Helse- og omsorg
Skulehelsetenesta	Skulehelsetenesta er eit helsetilbod på skulen for barn og ungdom. Formålet med skulehelsetenesta er i samarbeid med skulen, å fremme elevens helse, trivsel og læring. De skal også bidra til meistring av kvardagsutfordringar og auke elevens helsekompetanse. https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten/dokumenter-helsestasjons-og-skulehelsetjenesten/Arbeidsdokument%20grunnskole.pdf .	Helse- og omsorg
Fast undervisning om vald og grensesetting i grunnskulen	Skulehelsetenesta tilbyr undervisningstilbodet «Spør-først» i 5. og 9. trinn. Nok gjennomfører eige undervisningsopplegg til alle elevar på 5. trinn.	Helse og omsorg

Helsetasjon for ungdom (HFU)	Gratis helsetilbod for ungdom opp til 20 år. Drop-in tilbod kvar tysdag etter skulen. Formålet til HFU er betre helse og å auke helsekompetansen. Her kan ein få råd om seksuell helse og prevensjon, og ein kan prate om det som er vanskeleg og utfordrande i livet. https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsetasjons-og-skolehelsetjenesten/helsetasjon-for-ungdom	Helse og omsorg
«Tidleg Inn»	Målgruppa for programmet er helsesjukepleiarar, helsetasjonslege, fastlegar og jordmor. Føremålet med «Tidleg Inn» er at gravide og småbarnsfamiliar får kompetent hjelp tidleg på områda rus, psykisk helse og vald gjennom tverrfagleg samarbeid.	Helse- og omsorg
Kompetanseutvikling	Heile «laget rundt barn og unge» har ansvar for å sikre eit trygt og godt oppvekstmiljø i Askvoll. Heimen, nabolaget, frivilligheita, lag og foreiningar, kulturtilbod og kommunale tiltak er alle viktige. Det er viktig å ta grep ved tidlege sårbarheits- og risikofaktorar. For å styrke dette arbeidet er det fleire tiltak: • KO-løftet står for Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande opplæring. Målet er å sikre tilstrekkeleg kompetanse tett på barna, slik at ein kan fange opp behov tidleg og tilby eit inkluderande og tilpassa pedagogisk opplegg. Tiltaket skal styrke inkludering og heve kvaliteten på tilbodet i alle barnehagar og skular i Askvoll. • Intern kompetanseutvikling i barneverntenesta, knytt til oppvekstreformarbeidet og nye krav til tenesta framover. • Tilsette må jamleg øve ferdigheiter. Det finnst ulike metodar som kan nyttast, f.eks. «Snakke med barn» som er ein snakkesimulator der ein kan øve på samtalar med barn og ungdom om vald, seksuelle overgrep og andre sensitive tema. • For å oppfylle mål om førebygging og tidleg innsats er god foreldrestøtte sentralt.	Oppvekst Barnevernet Helse og omsorg
«Livet på timeplanen»	Livet på timeplanen er et kompetanseprogram som er implementert i skulane som eit verktøy for å fange opp born og unge som sjølvskadar eller har sjølvsmordstankar. Programmet er òg nyttig som verktøy generelt for å fange opp born som på ulike måtar har det vanskeleg.	Oppvekst Helse og omsorg
Foreldrestøtte	Barnehagar, skular og tilknytte tenester på barn- og ungefeltet har tett foreldrekontakt og gir støtte som styrker foreldrerolla. Dette inneber mellom anna: • Å aktivere foreldrerolla via medverknad, bevisstgjeri og ansvar • Bevisstgjere foreldra på heimen sin betydning og ansvaret som rollemodellar • Sikre at foreldra har kunnskap om betydninga av deira haldningar, handlingar og verdiar • Snakke med foreldra som strever	Oppvekst PPT Barneverntenesta Helse og omsorg

	• Nettverkskontaktar frå barneverntenesta er tilgjengelege for dialog med foreldra.	
Foreldremøte	Barnehagen og skulen gjennomfører foreldremøte der eit av måla er å informere, rettleie og skape dialog med føresette om aktuelle tema. Ulike faggrupper bidreg i foreldremøta. Mål: Sikre gjennomtenkte og relevante tema til det beste for både barna og dei vaksne.	Oppvekst
Sikre god informasjon	Alle tenester har oppdatert informasjon på kommunens nettside. Tilsette har ansvar for å kjenne til den samla tiltaksoversikta, også utanfor sitt eige fagområde. Dei vidareformidlar relevante tilbod og tiltak til barn, unge og familiar, både generelt og ved spesielle behov.	Heile kommunen Alle tenester og tilsette
Trivselsprogrammet	Trivselsprogrammet er et heilskapleg skuleprogram som også set fokus på økt aktivitet og inkludering i undervisning. Inkluderande trivselsleiarar (TL) er elevar som bidreg til eit betre samhald og eit tryggare skulemiljø, gjennom organisert aktivitet i friminutta. Konseptet Aktiv læring kombinerer fysisk aktivitet med læring i undervisninga.	Oppvekst
Overordna del av læreplan (LK20)	Skulen skal leggje til rette for læring for alle elevar og stimulere den einskilde si motivasjon, lærelyst og tru på eiga meistring. Skulane i Askvoll jobbar aktivt for å sikre eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø for alle elevar. Mål: Sikre elevane si trivsel, utvikling og læringsmiljø.	Oppvekst – alle tilsette
Barnehage, skule og skulefritidsordninga (SFO)	Barnehage og skule er universelle tilbod for alle, med tilpassa opplæring ved behov. Alle barn fortener trygge fellesskap der dei kan lære, leike og utvikle seg. Trygge rammer er viktige, då trygge barn lærer betre. Barnehagar og skular med gode relasjonskompetanse og som sikrar inkludering, er avgjerande for å skape eit samfunn med små skilnader og like moglegheiter for alle.	Oppvekst Heile barnehage- og skuleområdet
PPT – systemretta	PPT bidreg til at barn og unge får tidleg hjelp i barnehagar og skular. Det er låg terskel for drøftingar, og samhandlinga skjer gjennom faste møtearenaer. PPT deltek på foreldremøte og er tilgjengeleg for drøftingar med føresette før eventuell tilvising.	Oppvekst PPT
Fastlege	Alle innbyggjarar i Askvoll har rett på ein fastlege via fastlegeordninga. Fastlegeordninga.	Helse og omsorg
Lokalt rettleiingsteam	Eit lågterskelteam på kvar skule og barnehage som skal handsame problemstillingar og drøfte saker knytt til barn og unge. Dette teamet skal vere leda av rektor/styrar og bestå av representantar frå skule, barnehage, helsesjukepleiar, PPT og eventuelt andre aktuelle fagpersonar.	Oppvekst Helse og omsorg PPT
Frivilligheit, kultur og idrett		
Aktivitetstilbod	Allidrett, fotball- og handball, friidrett, symjehall, skiaktivitetar, LAN-treff med mykje meir. Inkluderingsfond og transportordningar i idretten. Mål: Fremje fysisk aktivitet, fellesskap, inkludering, leik og moro	Frivillige lag og org. Askvoll kommune Frivilligsentralen
Kulturskuletilbod	Barn og unge opplever meistring gjennom kultur- og fritidsaktivitetar (musikk, teater og visuell kunst).	Oppvekst

Junior- og ungdomsklubbar	Lågterskel og eigenorganisert tilbod for barn og Unge. Mål: at barn og ungdom skal ha ein stad å vere i trygt samspel med andre ungdommar	Frivillige lag og org. Askvoll kommune
Bibliotek	Kunnskap, trygg møteplass, sosial inkludering, leseglede og samarbeid for å førebygge utanforskap	Askvoll kommune
Folkehelse og frivilligheit	Kommunen er medviten om at deltaking i frivillig arbeid kan bidra til å motverke utanforskap. Frivillige organisasjonar har ein helsefremjande effekt og gir ei unik moglegheit for eigenstyrt aktivitet. Det blir lagt til rette for at flest mogleg blir kjende med frivillig sektor, og ein arbeider for å hindre at unge fell ut av organisert aktivitet i ungdomstida. Frivilligsentralen i Askvoll har tett samarbeid med lag og foreiningar og anna frivilligheit, og informerer om alle fritidsaktivitetar og arrangement.	Helse og omsorg Oppvekst Sentraladministrasjonen Alle tenester
BUA-ordninga	Sikrar at alle barn og familiar har tilgang til utstyr til friluftsliv og sportsaktivitetar slik at alle kan bli inkludert i lokale aktivitetar. Målet er å gje alle fridom til å prøve ulike aktivitetar som krev utstyr utan å måtte kjøpe sjølv.	Frivilligsentralen Folkehelsekoordinator
Fritidskasse og andre tilskotsordningar	Kulturmidlar-Ung Driftstilskot ungdomsklubbar LTU-midlar (Heim for ein 50-lapp) Fritidskasse	Sentraladministrasjonen

Selektert førebygging – «gult nivå»

Innsatsen rettar seg mot utvalde grupper som av ulike grunnar er i faresona for å utvikle åtferdsproblem og oppleve omsorgssvikt.

Tiltak som er i gang	Skildring / aktivitet / målsetting	Ansvarleg for tiltaket
Helsestasjon for ungdom (HFU)	HFU skal være spesielt merksam på ungdom som har indikasjonar på utfordringar relatert til psykisk helse, seksuell helse, rus og valdsproblematikk, eller kan være utsett for vald, overgrep og omsorgssvikt. HFU skal tilby oppfølgingssamtalar og evt. tilvise til og hjelpe ungdommen til å ta kontakt med aktuelle tenester og tilbod.	Helse- og omsorg ved helsestasjonen
Skulehelsetenesta	Skulehelsetenesta ved helsesjukepleier skal støtte born og ungdom med psykiske plager ved å tilby samtalar, og tilvise til andre tenester dersom oppfølgande samtalar/tiltak i skulehelsetenesta ikkje er tilstrekkeleg.	Helse- og omsorg ved helsestasjonen
PMTO	PMTO står for Parent Management Training, og er eit lågterskeltilbod til foreldre som har barn som viser åtferdsproblem, og er bærebjelken i TIBIR-arbeidet. TIBIR står for «Tidleg innsats for barn i risiko». Satsinga gjev tilsette felles forståing omgrep knytt til barn sine uttrykk og negative åtferd, korleis dette oppstår og kva som kan hjelpe. Den spissa innsatsen i TIBIR-arbeidet består av tiltak som fører til at barn og foreldre får hjelp, tidlegast mogleg og på lågast mogleg nivå.	Barnevernstenesta

Barnehage og skule	Ved utfordringar og behov på gruppenivå set barnehagar og skular i verk målretta tiltak i tverrfagleg samarbeid med andre tenester, som Barne- og familiesenteret, PPT og Barneverntenesta. Andre relevante aktørar blir involverte ved behov, til dømes frivillige organisasjonar, folkehelse rådsgivar, førebyggjande ressursar i politiet og SLT-koordinator.	Oppvekst Barnehagar og skular PPT Barnevernteneste
PPT	PPT samarbeider tett med barnehagar og skular på gruppenivå gjennom: ▪ Spesialpedagogisk rettleiingsteam for barnehagane ▪ Kompetanseheving og organisasjonsutvikling i barnehage og skule ▪ Rettleiing og observasjon i barnehage og skule	Oppvekst PPT
Inkludering av flyktningar	ICDP og helseundervisning for flyktningar. Vaksenopplæringa tilbyr spesialundervisning, grunnskuleopplæring og norskopplæring.	Oppvekst Vaksenopplæring
NAV	NAV bidreg til sosial og økonomisk tryggleik, og fremjar overgang til arbeid og aktivitet. NAV er spesielt merksame på barn og unge sine levekår, og kan bidra til å utjamne sosiale skilnader.	NAV
Tverrfagleg team	Skal sikre god samhandling og systematisk oppfølging av barn og unge. Teamet skal fange opp behov tidleg og koordinere innsatsen på eit lågt nivå for best mogleg oppfølging. Teamet skal: • Oppdage, kartlegge og vurdere behov tidleg • Sikre at barn, unge og familiar får nødvendig hjelp • Fremje heilskapleg og samordna oppfølging med brukarmedverknad Faste deltakarar er koordinator, skule/barnehage, helsestasjon, kommunepsykolog, PPT, barnevern, BUP og kommuneoverlege/helsestasjonslege, samt den som eig saka. Andre instansar, som NAV, politi eller fastlege, blir kalla inn ved behov.	Oppvekst Helse og omsorg PPT Barnevern BUP Kommuneoverlege

Indikert førebygging – «raudt nivå»

Innsatsen rettar seg mot enkeltpersonar som allereie har utfordringar.

Tiltak som er i gang	Skildring / aktivitet / målsetting	Ansvarleg for tiltaket
Spesialpedagogiske tiltak	Born som har behov for det, har rett til spesialpedagogisk hjelp. Barnet kan ha rett på hjelp frå fødselen, og uansett om han eller ho går i barnehage eller ikkje. Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av ordinær opplæring har rett til spesialundervisning.	Barnehage, skule og PPT
Koordinerande eining	Koordinerande eining har det overordna ansvaret for individuell plan, koordinator og barnekoordinator, og er mottakar for søknadar om, eller meldingar om behov for dette. Eininga skal sikre opplæring og rutinar for arbeidet, og syte for at kommunen fyller sine plikter. Eininga har òg ansvar for mellom anna legge til rette for brukarmedverknad, og skal ha oversikt over tilbod innan habilitering og rehabilitering.	Koordinerande eining

Individuell plan (IP)	Alle som har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester, har rett til å få utarbeida ein individuell plan. Individuell plan skildrar korleis tenestene skal samarbeide slik at personen får ei heilskapleg oppfølging. Askvoll kommune nyttar Visma Flyt Samspill til arbeidet med individuell plan.	Koordinerande eining
Koordinator	Koordinatoren skal syte for nødvendig oppfølging av den enkelte pasient eller brukar. Koordinator skal sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med individuell plan.	Koordinerande eining
Barnekoordinator	Familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester, har rett til barnekoordinator.	Koordinerande eining
Sikre barn i akutte situasjonar	Ved mistanke om at eit barn eller ein ungdom blir utsett for vald, overgrep eller omsorgssvikt, har kommunalt tilsette plikt til å sette i verk sikringstiltak. Mistanke skal meldast barnevernstenesta.	Alle
Samarbeid	Velferdstenestene har plikt til å samarbeide i einskildsaker, og skal delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i individuell plan.	Alle tenester
Fastlegar	Tett individuell kontakt rundt identifisering og tilvising til spesialisthelsetenester, samt oppfølging av ulike pakkeforløp.	Helse og omsorg Fastlegane i kommunen
Barneverntenester Bekymring og undersøking	Barneverntenesta har som oppgåve å ta vare på dei mest utsette barna. Dei skal beskytte barn mot omsorgssvikt og sikre tryggleik og utviklingsmoglegheiter for barna. Når det er bekymring for eit barn sin omsorgssituasjon eller alvorlege åtferdsavvik, har barnevernet plikt til å undersøkje og setje i verk tiltak ved behov. Barn og føresette kan ta kontakt sjølve ved behov. Barnevernstenesta gjennomfører samtalar om bekymring med dei det gjeld.	Oppvekst Barneverntenesta
Barneverntenester Individuelle vedtak	Individuelle vedtak blir følgde opp i Barneverntenesta med tilpassa tiltak og metodar. Eksempelvis: ▪ Parent management training (PMTO) ▪ Parenting Young Children (PYC) ▪ Tuning into Kids (TIK) ▪ Tuning into Teens (TINT)	Oppvekst Barneverntenesta
Konsultasjonsteam	Konsultasjonsteamet er eit samarbeid mellom BUF-etat og Helse Førde BUP. Tilbodet er retta mot fagpersonar og etatar som arbeider med gravide, småbarnsforeldre og barn 0–6 år. For små kommunar som har vanskeleg for å anonymisere saker, er konsultasjonsteamet ein viktig ressurs.	BUF-etat Helse Førde BUP
Rettleiar i NAV	Rettleiarane i NAV sikrar tett rettleiing og oppfølging av familiar med levekårsutfordringar i et barneperspektiv.	NAV

Føreslegne tiltak

Forslag til nye tiltak som er spelt inn i planprosessen er sett opp nedanfor. Vidare oppfølging bør vere integrert i verksemdsplanane for helse og omsorg og oppvekst.

Innsatsområde	Føreslegne aktivitetar og tiltak	Ansvarleg for tiltaket
Iverksette tverrsektorielle satsingar og samarbeids-strukturar	Implementering av BTI-modellen. BTI (Betre tverrfagleg innsats) er ein samarbeidsmodell for tidleg innsats og samhandling mellom tenester som jobbar med barn, unge og familiar. Målet er å sikre at barn og unge som treng støtte, får hjelp tidleg og på rett nivå, gjennom god koordinering mellom ulike instansar som skule, barnehage, helsestasjon, barnevern og NAV. Gjeld både universelt, selektert og indikert nivå. BTI vektlegg lågterskeltilbod og gradvis opptrapping av innsats, slik at hjelp vert sett inn tidleg og koordinert på tvers av sektorar. BTI-modellen har tre hovudelement: 1. Handlingsretteleiar – ein tydeleg prosess for oppfølging av barn/unge med utfordringar. 2. Stafettlogg – eit digitalt verktøy for samhandling og informasjonsdeling mellom tenestene. 3. Organisering og leing – forankring i kommunen, med klare ansvarsområde og rutinar.	Helse og omsorg Oppvekst
Styrke foreldrerettleiing	Foreldrerettleiingsprogramma er planlagt å skulle nå ut til langt fleire foreldre enn i dag. Kurs i Tryggleikssirkelen - Circle of Security Parenting (COS-P) er eit tilbod til foreldre med barn i alderen 4 mnd. til 6 år. Mål: trygge foreldre i samspel og tilknyting med baret sitt. Rettleiingsprogrammet kan også nyttast inn mot barnehagar og skular, som ein del av rettleiing av personale. Tuning into kids - retter seg mot born mellom 3 og 12 år, der foreldre får øve på å møte barnet sine kjensler, og støtte eigen og barnet sin evne til sjølvregulering. Tuning into teens - eit universelt foreldrerettleiingsprogram som vert gitt til tenåringsforeldre, med barn/ungdom i alderen 10 – 18 år. Programmet fokuserer på utviklingsmessige behov hos tenåringer. ICDP (International Child Development Programme) – Eit foreldrerettleiingsprogram som fremjar positiv relasjonskompetanse og kan nyttast både i gruppe og individuelt.	Helse og omsorg Oppvekst

<i>Jamleg kompetanseheving om førebygging og vald/overgrep</i>	Det skal leggjast til rette for jamleg kompetanseheving om samtalemotodikk, barn sin medverknad og vald/overgrep for tilsette i barnehage, skule og hjelpetenester. Der det er mogleg, skal kommunen nytte kostnadsfrie føredrag og kurs frå eksterne fagmiljø. Vurdere innføring av Hjartesamling i barnehage som universelt pedagogisk verktøy i barnehagane.	Kommunalsjef oppvekst i samarbeid med einingsleiarar i relevante tenester
<i>Skape gode og trygge psykososiale miljø der barn og unge lever sine liv</i>	• Olweusprogrammet (norceresearch.no) og skuleutviklingsprogrammet RESPEKT (ungsinn.no), som har som mål å førebyggje mobbing og krenkingar. • Dei Utrolige Åra (DUÅ) (uit.no), eit førebyggjande barnehage- og skuleprogram som tilbyr opplæring i prososial åtferd. • PALS (nubu.no) har fokus på positiv åtferd og utvikling av støttande læringsmiljø. • Zippys vener (vfb.no) skal styrkje psykisk helse og førebyggje emosjonelle vanskar for elevar på 1.–4. trinn, ved å fremje empati og sosial støtte, samt barns evne til stressmeistring.	Oppvekst
<i>Legge til rette for gode føresetnader for meistring i skule og barnehage</i>	• Passport (vbf.no) er eit program for 5. og 6. trinn som skal bidra til å styrkje elevane sine meistringsstrategiar og eit godt klassemiljø. • Det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring i skulen (udir.no) skal gi elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir moglegheiter til å ta ansvarlege livsval.	Oppvekst
<i>Behandlingsprogram for barn og ungdom med angst</i>	• «Cool Kids» - Kan gjelde både universelt og selektert nivå. Målet med Cool Kids er å lære born og ungdom ferdigheiter som gjere dei betre til å handtere angst og bekymring. Innhaldet i programmet er basert på kognitiv åtferdsterapi for angstlidingar/symptom.	Helse og omsorg
<i>Tilby psykisk helseteneste til born og unge</i>	Ei tilgjengeleg og tverrfagleg psykisk helseteneste som gjer tidleg hjelp og behandling til born og unge med psykiske plager, byrjande rusmiddelproblem og reaksjonar på belastande livshendingar. Tenesta skal ha et familieperspektiv og tilby foreldrestøtte. Tenestetilbodet skal være kommunen si psykiske helseteneste til born og unge, og kome i tillegg til andre helse- og omsorgstenester som helsestasjonen og skulehelsetenesta og fastlegeordninga. https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/psykisk-helsearbeid-barn-og-unge	Helse og omsorg